

Fråsegn frå Østfold Mållag om endring av nynorskrettskrivinga

Styret i Språkrådet har sett ned ei nemnd som skal utforme ”ei enkel, tydeleg og stram nynorskrettskriving”. Styret i Østfold Mållag ser det som ein fare at denne revisjonen gjer at det som blir igjen, i praksis er vestlandsvarianten av ord og bøyingsmønster. Det vil svekke argumentasjonen for nynorsken som landsdekkande målform.

I denne saka vil Østfold Mållag gi uttrykk for støtte til fråsegna frå Telemark Mållag.

Vi meiner at kløyvd infinitiv og i-ending i perfektum partisipp framleis må vera ein del av nynorsken. Garborg, Duun, Vesaas, Jonsson og Vaa bør vera argument nok i seg sjølv, i tillegg brukar nålevande skribentar som Edvard Hoem, Sigmund Løvåsen og Odd Nordstoga kløyvd infinitiv i det dei skriv.

Enkeltord som vi vil uttale oss om:

Vi meiner at det er uheldig om det som nå er hovudformer, skal ut av rettskrivinga (*mye, kjøre, høre*).

I samband med dette vil vi også halde på nåverande sideformer *glømme, drømme* og *gjømme* – med tillegg for *svømme*.

Skule er veldig fremmdt for oss, vi vil halde på *skole* ved sidan av. Det same med *nå*.

Pedagogisk sett støttar vi Lars S. Vikør i at *noe/noen* godt kan få vere med vidare ved sidan av *noko/nokon*.

Den som har følgd debatten rundt rettskrivinga dei siste åra, vil ha fått med seg at Østfold Mållag har vori imot ein slik revisjon av nynorsken. Blant anna skreiv leiaren for laget artikkelen ”Blir Språkrådet ein trussel mot Østfold-nynorsken?” i årboka vår for 2007, og tilsvarande synspunkt er blitt publiserte i *Dag og Tid*.

Vi synest det er imot nynorsk-sjela at språket skal striglast, eller settast i korsett, slik Telemark Mållag seier det. Vi er også glade i dei tradisjonelle formene i nynorsken og vil at dei som skriv *jol* og *ljøs* skal få halde fram med det.

Grunnlaget for stiftinga av Østfold Mållag for 20 år sidan var at mange av dei som var med, såg det klare sambandet mellom dialekten her og den opne nynorske norma. I løpet av desse åra har prestisjen til Østfoldmålet blitt styrkt, delvis på grunn av Østfold Mållags innsats.

Dersom nynorsken nå ”is coming home” til Vestlandet, føler vi det som om ”direktørsjiktet” i norsk språkstyring gjer eit svik mot ideane vi har jobba for. Dei som heller burde hjelpe oss, vil ta frå oss noe vi er glade i. Ein nynorsk som ikkje bygger på eit breitt talemålsgrunnlag med geografisk spreining, er ikkje det prosjektet vi har stått på for i desse åra. Ei kraftig ”vestlandifisering” av nynorsken vil gjera det mye tyngre å fremme nynorsk i Østfold.

Styret i Østfold Mållag samlar i møte 14.10.2010